



Til jegerar som har kjøpt kort for hjortejakt i Hyllestad 2025

VIKTIG INFORMASJON SOM JEGER ER PLIKTIG TIL Å SETJE SEG INN I

1. Før du skal jakte:

Heile kvota / restkvota er til ein kvar tid jaktbar. Det er derfor svært viktig at du orienterer deg om kva som er att av kvota før du startar å jakte. Du må derfor gå inn på <https://www.hjorteviltregisteret.no/bruker/Login/> Jaktfelt 4637J0056, ei veke eller seinare, men før du startar jakta, for å sjekke kva som er skote og såleis finne ut kva som er att av kvota. Dersom det berre er kalv att, kan du velje om du ikkje vil nytte deg av kortet ditt, du får då tilbake 75% av det du har innbetalt, men gje beskjed minst 5 dagar før jaktperioden din til sognogfjordane@njff.no . Ein får ikkje tilbakebetalt kjøpt kort ved andre høver.

Terrenget har hatt ro i 9 dagar før du skal jakte.

Ved jaktstart 1. september er kvota:

Fri kvote på kalv

1 ungvokst (1,5 år)

1 spissbuk (buk med ugreina gevir)

1 kolle (1,5 år og eldre)

1 fritt dyr

Ein kan skyte kalv istadenfor andre dyr uansett kjønn og alder

Ein kan skyte fjorkolle i staden for vaksen kolle

Ein kan skyte spissbuk i staden for større buk

2. Rutinar kring rapportering – ALLE skal rapportere, uansett felling og observasjon:

- Felte dyr skal rapporterast umiddelbart på sms, oppgje alder og kjønn til 97985133
- Felte dyr og observasjonar skal rapporterast inn **same dag** som felt og observert på <https://www.hjorteviltregisteret.no/bruker/Login/>. Eller i den nye sett og skutt-appen. Dette er svært viktig då andre som har kjøpt kort må inn å sjå restkvote på hjorteviltregisteret. Jaktfelt 4637J0056, Hyllestad kommune, Prestegarden.
- Alle dagar det har blitt jakta, skal leggast inn. Har de ikkje sett dyr, er observasjon 0 – null. Hugs å legge inn alle synsobservasjonar, også dei som de veit andre i jaktlaget har sett
- Etter slakting (utvombing, flåing og tatt av hovudet) skal dyret vegast. Ta bilete av dyret med vekta, slik at det er mogeleg å lese av tyngda. Send biletet på sms til 97985133. Stikkprøver vert tatt, så skal du ut av området, må du først gje beskjed om det til 97985133.

3. Jaktområde:

Sjå kart på inatur. Kryss ikkje nabogrenser unødig.

<https://www.inatur.no/storviltjakt/6242bca08483e03cc870b8b3/hjortejakt-i-hyllestad>

4. Jakkort:

Kjøpar av kortet er offisiell jaktleiar. Kortet gjeld jakt i 4 dagar, med unntak av siste kortet før jul som gjeld fleire dagar. Det er ingen begrensingar på antal jegerar som jaktleiar kan ta med seg.

5. Ettersøk:

Alle som skal jakte hjort, må ha avtale om ettersøkshund. Dersom du ikkje har ettersøkshund sjølv eller har eiga avtale, kan du bruke NJFF Sogn og Fjordane si avtale med Fjaler og Hyllestad Ettersøksring. Det vil ikkje koste noko ekstra, vi har betalt for denne avtala. Ta med avtala under jakt, den vert ettersendt og lagt ut på salssida på inatur.

Sjå elles informasjon på inatur:


<https://www.inatur.no/storviltjakt/62447a6044d50f3c5955bc7b/hjortejakt-i-gulen>

Alle må sjølvsgt ha med seg naudsynte papir, rette seg etter lover og forskrifter for jakt.

Vi ynskjer alle jegerar ein riktig god haust og skit jakt!

Med venleg helsing
Jaktutvalet i NJFF Sogn og Fjordane

Ved Bjørnar Eikenes
97985133



Norges Jeger-
og Fiskerforbund